

Årsmelding for 2017, OIL friidrettsgruppa



Styret i 2017

Leiar:	Herdis Helle (2017)
Nestleiar og oppmann junior og senior:	Bjarte Lohne (2016-2017)
Kasserar:	Arne Reigstad (2017)
Oppmann jenter og gutar:	Sonja Loftås(2017-2018)
Styremedlem:	Karoline Loftås(2017-2018)
Styremedlem:	Per Ole Mostrøm(2017-2018)
Styremedlem:	Marianne Solberg(2017)
Varamedlem:	Helga Reigstad(2017)
Varamedlem:	Kjetil Stokke(2017)

Valkomit : Bjarte Vik (leiar), Tore Hannisdal og Ingrid Mjelde Birkeland

Styret har i 2017/2018 hatt fire styrem te og handsama 32 saker. Utanom styrem tet har styret hatt kontakt p  treningar/arrangement, per e-post og telefon. Styrearbeidet er prega av at styret har jobba lenge i lag og at styremedlemmene kjenner oppg vene sine. Mykje skjer av seg sj lv p  rutine. Det har b de fordelar og ulemper. P  pluss sida er at vi reduserer bruken av ressursar som g r med til administrativt arbeid og p  minus sida at det blir brukt litt lite tid til nytenkning og klubb utvikling.

Den viktigaste styresaka i  r har vore arbeidet fram mot NM terrengl p. Fleire i styret er med i hovudkomiteen s  mykje av innsatsen har g tt med der.   sikre  konomien rundt, og satsinga, til Sigrid Borge har ogs  vore viktig. Det er oppretta eit Team Borge der Helga Reigstad, Bjarte Lohne og Arne Reigstad er med, i tillegg til Sigrid sj lv. Frode Langhelle bidreg med fysioterapi. Elles har styret arbeidd med dei regul re arrangementa til klubben, med sponsor-/ konomiarbeid og med ut varkontraktar, sj lv om vi berre har to kontraktst tvarar no.

Representasjon:

Bjarte Lohne og Karl Johan Reigstad deltok p  kretstinget.

Prisar

Bjarte Lohne fekk Friidrettens Venners pris p  kretstinget. Fredrik Strand Blichfeldt og Marianne Feidje Mjelde fekk  rets stimulansepremiar.  rets ut var vart Sigrid Borge.

Årsfest

Stimulansepremiene og Årets utøvar-pris vart i år delt ut på årsfesten på klubbhuset. Det var eit veldig kjekt arrangement som vi hadde etter siste måndagstrening før juleferien. Foreldre frå Team Ungdom-gruppa stilte opp og kokte graut til oss. I tillegg hadde vi pepperkaker og mandarinar, quiz m.m. Oppmøtet var godt. I år var også utøvarane på Mats Elvik sitt parti med på årsfesten. Det var veldig kjekt.

Trenarar i 2017 (høgste fullførte trenarutdanning i parentes)

Ann Christin Reigstad, fram til sommaren, (trenar 1)

Karoline Loftås

Andreas Markmannrud

Mats Eirik Elvik (trenar 1)

Bjarte Lohne (trenar 2: hopp)

Helga Reigstad (trenar 2 kast, held på med trenar 3)

Arne Reigstad (trenar 2: hopp og kast)

Frode Langhelle (trenar 1, fysioterapeut)

Karl Johan Reigstad (trenar 2: sprint/hekk, langdistanse, kast)

Bjarte Vik (trenar 2: løp, hopp og kast)

Geir Atle Mjelde

På Mats Elvik sitt parti (nest yngste gruppe) har det vore med ein del foreldre i rulleringsordning.

Dommarar og startarar:

Inge J. Reigstad (FD/FS, og med i kretsen sitt startarteam), Arne Reigstad (KD/KS), Karl J. Reigstad (FD), John Bernes (KD), Randi Kleppe (KD), Bjarne Langhelle (KD), Bjarte Lohne (KD), Harald Løtveit (KD), Helga Reigstad (KD), Sigbjørn Reigstad (KD), Liv Simmenes (KD), Vidar Simmenes (KD), Ann Christin Reigstad (KD), Åse Bergheim (KD), Geir Kleppe (KD), Ingrid Kleppe (KD), Bernt Johan Flæsland (KD), Eystein Markmannrud (KD), Kjetil Stokke (KD), Irene Stokke (KD), Christian Lampe (KD), Jan Magne Langeland (KD), Petter Hennig Sebø (HA), Anette Bru (KD), Magne Vikne (KD), Terje Simmenes (KD), Karoline Loftås (KDO), Torbjørn Simmenes (KDA), Markus Loftås (KD), Markus Markmannrud (KD), Sigrid Borge (KD), Trygve Fedje Mjelde (KD), Marit Iren Reigstad (KD)

Ein del av desse er ikkje med i idrettslaget lenger, men er i den aktive «reservetroppen».

Friidrettsskulen: 2-4. klasse – sportsleg aktivitet 2017 sesongen

Kvar måndag utanom skuleferiane har det vore friidrettsskule for 2. til 4. klasse.

Ann Christin Reigstad har var trenar fram til sommaren. Då hadde ho med Ivar Fjellskålnes og Øyvind Hannisdal som faste medhjelparar. Etter mange år ynskte Ann Christin ein pause som fast trenar og ville ikkje ta til med nytt parti frå hausten, men ho er med på nokre av Mats sine treningar og har også hjelpt til med å arrangere rekruttstevne i haust. Tusen takk til Ann Christin for store innsats gjennom mange år.

Frå hausten har Andreas Markmannrud og Karoline Loftås hatt ansvar for det yngste partiet. Karoline er med annan kvar måndag. Andreas Markmannrud har diverre måtte hatt ein god del treningar åleine, fordi vi har ikkje fått til ei rulleringsordning mellom foreldre på det yngste partiet i år. Dette er krevjande og vi bør helst finne ein fast medhjelpar for han dei treningane Karoline Loftås ikkje er med, eventuelt kome i gang att med rulleringsordning for foreldremedhjelparar. Oppmøtet på treningane varierer litt. Det brukar å delta mellom ti og tjue ungar. I år sette vi aldersgrensa for å vere med til andre klasse.

Geir Atle Mjelde har hatt treningane i Haus åleine. Vi har prøvd å finne ein ungdom til å vere medhjelpar, men dette har vi ikkje klart. Geir Atle ynskjer å gje seg som trenar frå hausten. Dersom det ikkje lukkast å finne ein ny trenar, må vi avvikle treningstilbodet i Haus.

Det har blitt arrangert lokale rekruttstevne både innandørs (HUT) og utandørs. I tillegg har partiet hatt lag på Fri-stafetten og delteke i OM i terrengløp.

5. til 7. klasse Lonevåg

Denne gruppa har hatt faste treningar kvar måndag på bana på Hatland, i vintersesongen kombinert med innandørstrening i hallen. Det møter mellom ti og femten utøvarar på treningane. Mats Elvik har vore trenar. Etter sommarferien har han fått god hjelp frå nokre av foreldra. For dei eldste utøvarane kunne det med fordel ha vore ein ekstra treningsdag i veka. Utanom dei faste treningane har det difor blitt arrangert nokre felles treningar og eit par turar til Leikvanghallen. Utøvarane har også tilbod om å vere med på onsdagstreningane i Haus.

Gruppa deltok på Fri-stafetten med både utøvarar frå treningspartiet på Hatland og partiet frå Haus i klassen 11-14 år. Plasseringane vart slik:

Jenter 11-14: Nr. 6 av 14 med tid 6, 09, 93.

Gutar 11-14: Nr 8 av 13 med tid 5, 59, 86

Mix 11-14: Nr 2 av 6 med tid 5, 56, 36

Lagoppstilling på Fri-stafetten:

J 11-14: 1. 400 m Marie Mostrau 13 år, 2. 200 m Elise Vevle 11år, 3. 350 m Sandra Fitje 13, 4. 300 m Ingrid F. Mjelde 11 år, 5. 560m Frida Fitje 14, 6. 200 m Leah Krakhella 11. Tils. 73 år.

G11-14: 1. Magnus Reigstad 14 år, 2. Noah Raknes 12 år, 3. Aslak Monstad 13 år, 4. Runar Trefall 12 år, 5. Asle Hammer 12 år, 6. Vegar Trefall 11 år. Tils. 74 år

Mix 11-14: Magnus Reigstad 14, 2. Dagfinn Gjerstad 11, 3. Frida Fithe 14, 4. Olav Småland 11, 5. Marie Mostrau 13, 6: Ingrid Mjelde 11. Tils 74 år.

Utøvarane synest det er veldig gøy med stafettar.

Stevne

Nokre av utøvarane er flinke til å vere med på stevne, men vi skulle gjerne sett at enno fleire var meir aktivt med. Resultatmessig har vi nokre utøvarar som hevdar seg på høgt nivå og vi hadde med tre deltakarar som representerte Hordaland på Lerøy leikane, Regionale ungdomsleikar:

Marie Mostrau, 13 år: 600 m (1. plass) og 1500 meter (1. plass)

Magnus Reigstad, 14 år: høyde (5. plass), 60 m (11. plass), 200m (7. plass) og lengde (2. plass)

Frida Fitje 14 år: 200 m (5. plass), 600 m (6. plass), 1500 m (3. plass)

Junior og senior

I 2017 skjedde det noko heilt spesielt i både friidrettsgruppa og for så vidt heile idrettslaget si historie. Me fekk ein utøvar i verdstoppen. Sigrid Borge plasserte seg med fantastiske 63.28 i spyd på 20.plass på verdsstatistikken for 2017. Sigrid hadde ein flott sesong med gull i senior NM. Ho deltok for Norge i Europacupen for lag. Ho vart nr. 2 i European Throwing Cup i Las Palmas i mars månad i U-23 klassen. I sesongens hovudmål U-23EM presterte ho godt med kast på over 60m i finalen, men det heldt berre til 5.plass etter ein konkurranse med historisk høgt nivå. I VM i London eit par veker etterpå fekk Sigrid kjenna litt på korleis det er å konkurrera på ein fullsett stadion med 60.000 tilskodarar der det ikkje er øyrens lyd å få. Nyttig lærdom for Sigrid. Ho har fått trenar bra saman med Helga Reigstad i vinter, og slik lagt grunnlag for vidare framgang.

Trygve Feidje Mjelde fekk for første gong i karrieren ein sesong med resultatmessig stillstand. Habile løp på 800m og 1500m rett bak pers blei ikkje den forventede oppturen etter ein lovande forsøng. Trygve har òg habile resultat på 400m og 3000m som kjem godt med i lagserien. Han fekk også eit hovud-NM gjennombrøt ved å kvalifisera seg til ein NM finale på 1500m etter å ha vunne forsøket etter eit sololøp. Trygve har også trent godt i vinter så det vert spanande å følgja han i ein ny sesong. Frode Langhelle er framleis trenaren til Trygve.

Kjetil Stokke har også i år konkurrert mykje og var nær klubbrekorden sin i spyd. Kjetil konkurrerte flittig og hadde 9 konkurransar med over 50meter i spyd. Forhåpentligvis kan han nærma seg hovud-NM kravet i 2018. I 2017 har Kjetil også vore aktiv meir aktiv enn før på løpssida. Han er ein svært allsidig utøvarar og konkurrer i mange øvingar.

Gutar og jenter 15-19år

I desse årsklassane er det stor resultatmessig framgang og fleire på trening. Frank Odin Niyonkindi toppar med ungdoms-NM gull på 200m og ein flott 4.plass på 100m. Same plassering fekk han under ungdoms-NM innandørs i Bærum på 60m. Denne distansen har han pers godt på i denne innandørssesongen og har gode framtidsutsikter innan sprint.

Magnus Gjerstad hadde også stor framgang i 2017 og toppa resultatmessig med UM-sølv i terreng-NM kort løype i 17års klassen. Han vart nr.6 på 3000m i ungdoms-NM med sterke 8.48 noko som er langt framom det læremester og tidlegare storløpar Bjarte Vik hadde på same alderstrinn. Magnus deltok også på junior-NM i Harstad og pers med fine 15.24 i eit vindutsett løp.

Marianne Feidje Mjelde starta innandørssesongen med ein flott klubbrekord i tresteg med 11.04 men fekk dessverre ein litt amputert sesong grunna skade. Ho deltok både på ungdoms-NM og junior-NM der ein 5.plass i tresteg under ungdoms-NM vart hennar beste plassering. Marianne deltok også på nokre mellomdistanse-løp på slutten av sesongen og hadde bl.a. habile 2.35 på 800m.

Ingvild Martinsen hadde i 2017 300m hekk som si beste øving med fine 50.30 utan altfor mykje spesialtrening. Ho deltok i denne øvinga på ungdoms-NM.

Både Andreas Markmanrud og Fredrik Blichfeldt har trena og konkurrert flittig og gjort stor innsats som tidtakarar på stevne på Osterøy Stadion, Andreas har og fungert som trenar frå høsten 2017 av.

Besnik Zenelai, Joakim Magnussen og Oscar Knutsen hadde i 2017 sine første friidrettsesongar, hovudsakleg på sprint.

Det må elles nemnast at gruppa hadde treningsleir for det såkalla Team ungdom i Toscana i Italia i mars månad, samt ei helgesamling i Strandebarm i november, begge med god oppslutnad.

Veteranar

2017 var ein god veteransesong for menn, medan kvinnene manglar den breidda av spesielt løparar som ein hadde for nokre år sidan. Det sportslege høgdepunktet var NM i Knarvik der Osterøy IL stilte med 10 deltakarar som til saman fekk 10 gull, 8 sølv og 4 bronse. Dei eldste veteranane, med Arne Mjelde (75-79) og John Bernes (70-74) i spissen, har naturleg nok mest meisterskaperfaring og sikre seg 5-6 medaljar kvar. Det same gjorde Randi Kleppe (65-69) Ekstra kjekt var det at stafettlaget slo storklubben Gular i klasse 70-75 år. Gull-gutane våre var Karl Johan Reigstad, Paul Bruvik, Arne Mjelde og John Bernes.

I veteranserien sikra kvinnene opprykk etter siger i 2. divisjon. Menn veteran vart nr. 6 i 1. divisjon. Største poengsankar vart Helga Reigstad (40-44) og John Bernes. Av enkeltutøvarar kan ein elles trekkja fram Kjetil Monstad (40-44) og Øyvind Bjordal (45-49), som etter målbevisst satsing og solid treningsmengde oppnådde resultat heilt i landstoppen i sine klassar på lange distansar. Å setja personlege rekordar på bane når ein er rundt 45 år krev trening nesten på linje med ein toppidrettsutøvar. Begge fekk under 9.15 på 3000 m og kring 16 blank på 5000 m. Elles deltok Arne Mjelde på EM for veteranar i Århus med ein bronse på 800 m som beste resultat.

«Team Batti»

Team Batti, med Bjarte Vik som trenar, har eit tilbod og miljø som mange veteranar trivst med. Dette er eit lågterskeltilbod både for hardsatsande konkurranseløparar og mosjonistar. Sjølv om treningsoppmøtet varierer opplever ein stadig ny rekruttering, både av ungdommar og veteranar. Fleire av dei som tidlegare nesten berre har delteke på lokale mosjonsløp, stilte i 2017 også opp på fleire banestemne. Ein positiv trend som forhåpentlegvis vil halda fram i 2018. Ein har også ei målsetjing om å få fleire med i internasjonale veteranmeisterskap i åra som kjem. Elles har Jozef Zygmuntowicz har diverre flytta tilbake til Polen og han vert sakna både på treningar og i konkurransar.

Arrangement

Vi har framleis veldig mange arrangement. Det vert arrangert banestevne både på Hatland og i Haus. I tillegg har vi fleire innandørs hoppstevne, Valestrandmarka rundt (eitt av dei med innlagt Ole Bull Løp), Bjarte Viks eliteløp, Haustrimmen, Brakvatne vinterkarusell, Osterøymeisterskap i terrengløp, Stemmeseggi opp og over, Bruviknipa opp og Sport 1 Brakvatne halvmaraton.

I tillegg dei faste arrangementa har vi også i år arrangert Regionale Ungdomsleikar (i år Lerøy-leikane) og Friidrettskule i sommarferien. Vi har bestemt oss for å ikkje avvikle friidrettskule komande sommar.

Mange arrangement er kjekt og gjev inntekter, men er også ressurskrevjande. Kanskje har interessa for lokale mosjonsløp vore litt dalande mellom det breie publikum dei siste åra. Brakvatne Halvmaraton vart avvikla på ein dag i år (laurdagen). Dette hadde vi betre erfaringar med enn å arrangere over to dagar. I år køyrte vi utan EQ timing pga. at vi ikkje har fått lært opp nye i dette etter at Martin og Sondre Kaastad gav seg. Dette skal vere på plass til neste år. Framover kan det kanskje vere aktuelt å satse meir på banestevne enn på mosjonsløp ei stund. Banestevne er viktig for rekrutteringa av nye utøvarar.

Førebuingar til NM terrengløp

Styret har valt fylgjande på hovudkomitee. Bjarte Lohne (leiar), Arne Reigstad (økonomi), Karl Johan Reigstad(løype), Vidar Simmenes (sekretariat/nettside m.m) Helga Reigstad (sponsorarbeid), Bjarte Vik (utøvarkontakt), Herdis Helle (sekretær), Åse Bergheim (barneløp).

Førebuingar til OIL sitt hundreårsjubileum

NM-terrengløp er tenkt som friidrettsgruppa sitt jubileumsarrangement i jubileumsåret til OIL. Elles deltek Karl Johan Reigstad i jubileumsarbeidet i festkomiteen, Mats Elvik deltek i arbeidet med jubileumsarrangement for barn og Bjarte Vik deltek i arbeidet med å skrive jubileumsbok. I den forbindelse har vi også arrangert ein forteljarkveld i friidrettsgruppa.

Medlemsstal for 2017

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	0	22	22	3	29	76
Menn	0	28	18	9	51	106
Totalt	0	50	40	12	80	182
<i>Totalt, 2016</i>	<i>0</i>	<i>69</i>	<i>38</i>	<i>13</i>	<i>84</i>	<i>204</i>

Medlemsutvikling

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Kvinner	-	?	?	?	113	108	102	85	76
Menn	-	?	?	?	126	116	121	119	106
Totalt	227	222	262	270	239	224	223	204	182

Økonomi

Friidrettsgruppa framleis god økonomi. Helga Reigstad har også i år gjort eit stort arbeid med å skaffe nye og behalde gamle sponsorar. Dette er svært viktig, ikkje minst for satsinga til Sigrid Borge. Sistnemnde er også eit godt trekkplaster for sponsorar. I tillegg har vi arrangement som gjev viktige inntekter. Regionale ungdomsleikar er framleis viktigast, og vi har fått tildelt arrangementet i år også. Det vert siste året.

Vurderingar av aktivitet opp mot målsetjingar

Dei viktigaste målsetjingane til klubben er framleis ordna økonomi, legge til rette for unge utøvarar, rekruttering og trenar-/leiarrekruttering.

Økonomisk har også dette vore eit svært godt år. Det skuldast mykje arbeid med sponsorar og stor aktivitet på arrangementsida. Den gode økonomien gjev rom både for satsing på utøvarar og for å utdanne/vidareutdanne trenarar, dommarar og andre leiarar.

Aktiviteten er god både i breidda og på elitenivå, men i år har vi berre hatt to kontraktsutøvarar. Det er Sigrid Borge og Trygve Feidje Mjelde. Det er mange talent i klubben så forhåpentlegvis kjem det nye kontraktsutøvarar frå eigne rekkjer også i åra framover. Magnus Gjerstad er nok den som ligg best an i løypa.

Team Ungdom har hatt eit svært godt år. Der er det god aktivitet både på trening og stevne. Mange bidreg også på arrangement som funksjonærar m.m. Det sosiale miljøet i gruppa er godt. Elles er det svært gledelig at Andreas Markmannrud og Karoline Loftås har gått inn på trenarsida og at Marianne Fedje Mjelde har tatt ansvar for morgontrening onsdagar. Nytt av året er elles at basistreninga på fredagar på Valestrand har blitt erstatta av ei felles basistrening med resten av idrettslaget på Hatland fredagar. Bjarte Lohne og Arne Reigstad har vore med som trenarar der. Det har også Herdis Helle og Mats Elvik. Styret og trenarane lyt evaluere om vi skal halde fram med dette samarbeidet neste år.

Den største utfordringa for klubben er framleis rekruttering på trenarsida. På dommarfronten bør vi også ha inn fleire. Satsinga til Sigrid Borge krev mykje av sentrale aktørar i klubben så dersom vi skal oppretthalde breidda og rekrutteringa treng vi fleire, både av trenarar og på oppmannsida. Partiet i Haus står i fare for å bli lagt ned på grunn av trenarmangel. Også arbeidet fram mot NM terrengløp krev ein god del ressursar. Desse blir i stor grad henta frå trenarsida.

Veteranane er viktige bidragsytarar i klubben, ikkje minst Karl Johan Reigstad, Vidar Simmenes og Inge Johs Reigstad.

Aktiviteten blant dei mest aktive mosjonistane er god. Her står arbeidet til Bjarte Vik og Team Batti sentralt. På breidde-sida er aktiviteten mellom mosjonistane laber. Dette merkast både på deltakinga på treningar, på mosjonsløp og når vi skal rekruttere til styrearbeid og til dugnadar. Likeeins merkar vi det på medlemstal.

Noko av nedgangen på medlemstalsida kan kanskje også skuldast at vi ikkje er flinke nok til å registrere alle som deltek fast på treningar og melde inn at desse skal betale medlemspenger/treningsavgift.

Dei sportslege resultata til klubben er gode, og også i år vart det sett nye klubbrekordar.

Nye klubbrekordar 2017

Spyd:	Sigrid Borge 63,28 meter
Tresteg:	Marianne Feidje Mjelde 11,04 meter
Stafett 4x200,	Frida Fitje, Ingvill Martinsen, May Linda Veseth og Marie Mostraum. 1,56